



Arild og Bjørg Arnardo saman med Steinar Myklebust på Rabben onsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og så er det igjen sirkus i bygda! Når våren kjem, kjem også Arnardo til Uskedalen og i år er det eit lite jubileum: Det er besøk nummer 25!. Onsdag kveld kom Norges eldste sirkus med 38 transporteinheiter på rad og rekkje. Torsdag kveld er det full fart i teltet på Rabben Camping.

Men då Arnardo kom denne gongen, vart trafikksituasjonen på riksvegen noko ugrei ein times tid, for å seia det mildt.

Det er ikkje slik kvart år når Arnardo kjem, for vanlegvis er bilane hans spreidde på vegen.

Når dei ikkje var det denne gongen, hadde det samanheng med eit NRK-opplegg til ein stor serie som skal sendast neste år.

Fjernsynsteamet frå NRK Hordaland ville gjera helikopteropptak av den 600 meter lange sirkus-karavanen då den køyrde over fjellet.

Den hadde starta frå den siste spelestaden, som var Mjøndalen, klokka seks om morgonen. På Haukelikseter stoppa alle. Så starta dei på likt og stort sett heldt karavanen seg samla heilt fram til Uskedalen. Der tok det naturleg nok si tid å lirka aller køyrety på plass.

NRK-teamet, som vanlegvis består av to men som i går var auka til fire, følgjer Arnardo landet rundt i eigen bubil. Intensjonen er å visa sirkuset frå ei anna side enn den folk flest kjenner, få fram kvardagen til dei som arbeider der. Teamet skal også dvela ved dei sirkusfolka møter landet rundt, mellom andre Steinar Myklebust på Rabben. Han har noko til felles med sirkusdirektør Arild Arnardo – dei likar begge å jobba med tre!

Arild er svært fornøgd med NRK-opplegget fordi det vil skapa meir forståing hos folk for det eit sirkus driv med.

- Dei ser på oss nærmast som rekande fant, men det er vi slett ikkje. Vi er mange nasjonar som lever i sameksistens og det har vi gjort i mange år utan problem, seier Arild som i denne sesongen er særleg stolt over å kunne presentera løvedans frå Kina.

Nitti personar frå ti nasjonar har han i vognene sine frå april til september 2007 og sirkuset vil stoppa på 140 stader land og strand rundt. Undervegs er det mange trafikale nålauger som skal passerast, men transport er noko sirkusfolk kan. Arild har sjølv brukt slegga for å komma ned Måbødalen før tunellane kom.

I fjor hadde Arnardo to framsyningar i Uskedalen, men det har det vore berre to gongar. Høgdepunktet i fjor var deltakinga i 17.-mai-toget. No ventar vi spent på resultatet frå vitjinga i år – korleis bygda vil bli presentert i TV-serien.

Av Ola Matti Mathisen



Det vart lang kø på riksvegen då Arnardo kom og skulle inn på Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)